

2019

WNF –  
Terminology Document

©World Naturopathic Federation 2019

# Naturterapeutisk terminologi

## **Innhald**

Anerkjenning	3
Introduksjon	4
Metode	4
Prosess	4
Konstitusjon	6
Lege/terapeut som lærar	6
Avgifting	6
Fyrst og fremst, ikkje gjer skade	7
Naturens lækjande kraft	7
Helsefremjande tiltak	7
Heilskap	8
Homøostase	8
Naturterapeutisk klinisk vurdering	9
Naturterapeutisk diagnose	9
Naturterapeutisk behandling	10
Førebyggjing	10
Terapeutisk rekkefylgje	10
Behandla årsaka	11
Behandla heile menneske	11
Vitalkrafta	12
Helse og velvære	12
Referansar	13
Vedlegg: Medlemmene i komiteen, bidragsytarar	13

## Anerkjenning

World Naturopathic Federation (WNF) anerkjenner enkeltpersonar og organisasjonar som deltok i dei to tidlegare undersøkingane som utgjorde grunnlaget for dette prosjektet. Desse organisasjonane er oppførte i dei to undersøkingsrapportane, som du finn på:

<http://worldnaturopathicfederation.org/wnf-publications/>

Grunnlaget for WNF Terminology Document er eit 100 siders dokument, White Paper on Naturopathic Philosophies, Principles and Theories, som vart publisert i 2017.

Dette initiativet vart leia av WNF Naturopathic Roots Committee, Subcommittee Terminology og som inkluderte heilpraktikarar, naturterapeutar and naturterapeutiske legar (ND):

Hausser, Tina, Heilpraktiker, Naturopath, Co-Chair

Lloyd, Iva Dr, ND, Co-Chair

Arankalle, Dhananjay Dr, ND

Banchieri, Flavia, Naturopath

Brown, Melissa Dr, Naturopath

DeGroot, Nick Dr, ND

Finnell, John Dr, ND

Kieffer, Daniel, Naturopath

Myers, Stephen Dr, ND, BMed, PhD

Volunteer: Menon, Poorna, Naturopathic Student

Alle rettar er reservert. Publikasjonar frå World Naturopathic Federation kan ein få på nettstaden vår [www.worldnaturopathicfederation.org](http://www.worldnaturopathicfederation.org). Førespurnad om løyve til å reprodusera eller omsetja WNF-publikasjonar - enten det er til sals eller til ikkje-kommersiell distribusjon - må adresserast til:

[info@worldnaturopathicfederation.org](mailto:info@worldnaturopathicfederation.org)

Alle rimelege forholdsreglar er tatt av World Naturopathic Federation for å verifisera informasjonen i denne rapporten. Likevel blir det publiserte materialet distribuert utan noka form for garanti, enten uttrykt eller underforstått. Ansvar for tolkinga og bruken av materialet ligg hjå lesaren. World Naturopathic Federation kan under ingen omstende haldast ansvarleg for skadar som oppstår ved bruk av den.

## **Introduksjon**

Alle verdsregionar og alle naturterapeutiske utdanningsinstitusjonar underviser og praktiserer i samsvar med ein naturterapeutisk grunnfilosofi av prinsipp og teoriar, og bruker eit felles sett med naturterapeutiske metodar. Som stadfesta av WNFs undersøkingar i 2015 og 2016, er det ei høg grad av global konsistens i grunnkonseptane som definerer naturterapi.

Målet med WNF Terminology Project er å leggja til rette for interprofesjonelt samarbeid (IPC) ved å avklara omgrep som blir brukt i naturterapeutisk praksis, og som også ofte blir brukt i helsevesenet, men som kan ha ulike tydingar. Det er viktig å framheva at ut frå jurisdiksjonsavgjerder, eller mangel på forskrifter, er høve til å bruka visse omgrep avgrensa.

## **Metodikk**

Det første steget for medlemmane i terminologikomiteen var å velja naturterapeutiske termar som ofte blir brukte i naturterapeutisk praksis, spesielt der den naturterapeutiske definisjonen kan vera ulik frå konvensjonell medisin eller andre helsesystem. Dei valde omgrepa definerer viktige aspekt av naturterapeutiske filosofiar, prinsipp og teoriar og naturterapeutisk vurdering, diagnose og behandling.

Komiteen oppretta og godkjente ein standardmal der definisjonane til kvart omgrep inkluderer: omgrepet, definisjonen og den spesifikke relateringa til naturterapeutiske filosofiar, prinsipp og teoriar.

## **Prosess**

I 2017 publiserte WNF White Paper on Naturopathic Philosophies, Principles and Theories<sup>1</sup>, som inkorporerte både originale og meir moderne naturterapeutiske teoriar og konsept. Dette dokumentet gir ei detaljert skildring av naturterapeutiske filosofiar, prinsipp og teoriar som utgjer grunnlaget for naturterapeutisk praksis.

Dei naturterapeutiske omgrepa som er definerte i White Paper<sup>1</sup>-dokumentet inkluderer historisk opphav, bidragsytarar, ei meir detaljert skildring og ei omfattande referanseliste. The White Paper<sup>1</sup>) fungerer som bakgrunnsinformasjon og primær referanse for WNF Terminology Document.

I 2017 tok World Naturopathic Federation på seg, som svar på eit identifisert behov skissert av Verdshelegeorganisasjonen (WHO), WNF Naturopathic Terminology Project som ein underkomité for Naturopathic Roots Committee. Medlemmene av komiteen famnar over seks verdsregionar: Afrika, Asia, Europa, Latin-Amerika, Nord-Amerika og det vestlege Stillehavet.

Å sikra at alle WNF-prosjekt og komitear inkluderer representasjon frå fleire verdsregionar er òg eit viktig kriterium for WHO, for å anerkjenne dokumenta som er initierte av WNF.

Utkastet til dokumentet vart distribuert i mai 2019 til alle WNF-medlemmer og sponsorar for tilbakemelding. På WNFs generalforsamling i mars 2019 vart WNFs terminologiprojekt diskutert og godkjent av medlemmene i WNF. Det endelege dokumentet vart godkjent av styret i WNF 21. august 2019.

## 1. Konstitusjon

### Definisjon:

Konstitusjon er den totale samansetninga og energien til eit individs strukturelle, funksjonelle, åndelege og psykologiske eigenskapar og inkluderer måten slike eigenskapar er samansette på og korleis dei er samanhengande. Det blir påverka av nokre faktorar, inkludert genetikken til individet, akkumulering av individets livserfaringar, og omgivnadene deira.

Konstitusjonen til ein person er eit omgrep som er nært knyta til dei naturterapeutiske prinsippa *Naturens lækjande kraft*, *Behandle årsaka (tolle causam)* og *Behandle heile mennesket (tolle totum)*, og dessutan naturterapeutiske teoriar om *Integrering av den individuelle og Humoraleteorien*.

## 2. Lege/terapeut sin lærar

### Definisjon:

Det naturterapeutiske prinsippet om lege/terapeut som lærar (docere), understrekar verdien av utdanning, personleg ansvar og utvikling av individet sin kunnskap og forståing av eiga helse og helsevesenet si oppbyggjing, og dessutan sikker og bevisst vurdering av åtferd, livsstil og naturlege medisinar for å forbetra helse og velvære.

Prinsippet om lege/terapeut som lærar (docere), er knytt til andre naturterapeutiske prinsipp som *Behandle årsak (tolle causam)*, *Behandle heile mennesket (tolle totum)* og *Helsefremjande aktivitet*.

## 3. Avgifting

Avgifting beskriv prosessar og organ for avgifting og eliminering i kroppen. Teorien om avgifting stadfestar at rett eliminering av giftstoff understøttar homøostasen og optimal helse. Ved å understøtta avgiftingsorgan og utskiljingsvegar, hjelper vi personens vitalkraft til å fungera under meir optimale forhold gjennom utslepp av giftige stoff. Dei primære avgiftingsorgana og utskiljingsvegar inkluderer lymfe, lever, nyrer, hud, luftvegar, tarm, blære og kjønnsorgan. Sekundære avgiftingsvegar inkluderer alle andre utskiljingsmåtar som kroppen kvittar seg med giftstoff gjennom - til dømes frå nase og auge.

Avgiftning er relatert til dei naturterapeutiske filosofiane *Vitalkrafta og Heilskap*, prinsippa *Naturens lækjande kraft (vis medicatrix naturae)*, *Behandle årsak (tolle causam)* og *Behandle heile menneske (tolle totum)*, den naturterapeutiske teori om *Terapeutisk rekkefylgje*, teorien om *Giftstoffer i kroppen* og *Humoralteori*.

#### **4. Fyrst og fremst, ikkje gjer skade**

**Definisjon:**

For å ikkje skada, etablerer ein naturterapeut/naturterapeutisk lege dei mest skånsame råda og ikkje-invasive behandlingsstrategiar for å oppnå ynskja resultat for kvar enkelt pasient.

Fyrst og fremst, ikkje gjer skade (*primum non nocere*) er eit naturterapeutisk prinsipp som blir respektert i alle aspekt av naturterapeutisk klinisk praksis, spesielt den *Terapeutiske rekkefylgje*.

#### **5. Naturens lækjande kraft**

**Definisjon:**

Omgrepet Naturens lækjande kraft (*vis medicatrix naturae*) tyder at alle levande organismar har ein ibuande sjølvorganiserande, ordna lækjande evne saman med den medfødde evna til å veksa, reprodusera og utvikla seg gjennom definerte stadium av livet.

Naturens lækjande krafta (*vis medicatrix naturae*) er eit sentralt naturterapeutisk prinsipp og er relatert til den naturterapeutiske filosofien om *Vitalkrafta*.

#### **6. Helsefremjande tiltak**

**Definisjon:**

Naturterapeutisk praksis anerkjenner at helse og sjukdom både er logisk, kompleks og blir påverka av mange faktorar. Målet med naturterapeutisk behandling er ikkje berre å redusera og behandla sjukdommar, men å optimalisera helsa og velværet til individet. Det naturterapeutiske perspektivet til helsefremjande arbeid er omfattande og anerkjenner viktigheita av ei rekke determinantar, inkludert livsstil, sosiale forhold, miljø og eksterne forhold, medisinske inngrep, genetiske og svangerskapsfaktorar og samt personlege karaktertrekk.

Helsefremjande arbeid er eit naturterapeutisk prinsipp som er assosiert med prinsippa *Naturens lækjande kraft (vis medicatrix naturae)*, *Behandle årsaka (tolle causam)*, *Behandle heile personen (tolle totum)*, *Lege/terapeut som lærar (docere)*, *Sykdomsførebyggjing* og den naturterapeutiske teorien om *Konstitusjon* og *Avgifting*.

## 7. Heilskap

### Definisjon:

Den heilskapelege tilnærminga til naturterapeutisk praksis anerkjenner at dei strukturelle, funksjonelle, åndelege og psykologiske aspekta ved ei individuell handling er gjensidig avhengige og blir påverka av eksterne, miljømessige, sosiale og andre faktorar. Ved behandling, behandlar ein heile personen - som inkluderer den intrapersonlege og mellommenneskelege dynamikken og deira interaksjon med omgivnadene og samfunnet.

Heilskap er ein grunnfilosofi i den naturterapeutiske tilnærminga til klinisk vurdering, diagnose og behandling, og er direkte knytt til det naturterapeutiske prinsippet *Behandle heile personen (tolle totum)* og den naturterapeutiske teorien om *Integrering av det individuelle*.

## 8. Homøostase

### Definisjon:

Homøostase er ein ibuande sjølvheilande mekanisme der biologiske system held oppe optimal funksjon og psykisk motstandskraft, medan dei tilpassar seg alle interne og eksterne faktorar.

Homøostase er relatert til den naturterapeutiske filosofien om *Vitalkrafta*, prinsippet om *Naturens lækjande kraft (vis medicatrix naturae)* og den naturterapeutiske teorien om *Avgifting*.



## 9. Naturterapeutisk klinisk vurdering

### Definisjon:

Den naturterapeutiske kliniske vurderinga er ein personsentrert prosess der målet er å avgjera kva faktorar som bidreg til den enkelte pasients helsetilstand og/eller sjukdom, og dessutan vitaliteten deira - for å avgjera korleis symptoma, tilstand og sjukdomstilstand vert uttrykt på individets fleirdimensjonale nivå og deira sosiale interaksjonar. Ei naturterapeutisk klinisk vurdering kan inkludera standard konvensjonelle vurderingsteknikkar og spesialiserte naturterapeutiske vurderingsmetodar.

Ei naturterapeutisk klinisk vurdering blir primært styrt av dei naturterapeutiske prinsippa *Behandle årsaka (tolle causam)* og *Behandle heile menneske (tolle totum)* og den naturterapeutiske teorien om *Konstitusjon* og *Vitalkrafta*.

## 10. Naturterapeutisk diagnose

### Definisjon:

Ein naturterapeutisk diagnose er samanfatning og tolking av funna frå den naturterapeutiske kliniske vurderinga. Det er tre primære og samanhengande formål med ein naturterapeutisk diagnose. Den første er å nøyaktig kategorisera symptoma, tilstanden og/eller sjukdomstilstanden ved hjelp av konvensjonell medisinsk terminologi og/eller tradisjonelle naturterapeutiske diagnostiske konsept. Den andre er å vurdera dei underliggende årsakene til symptoma til pasienten, tilstandar eller sjukdomstilstand, og den tredje er å vurdera vitaliteten til pasienten og lækjande evne.

Ramma for ein naturterapeutisk diagnose blir fyrst og fremst styrt av dei naturterapeutiske prinsippa *Naturens lækjande kraft (vis medicatrix naturae)*, *Behandle årsaka (tolle causam)* og *Behandle heile menneske (tolle totum)*.

## 11. Naturterapeutisk behandling

### Definisjon:

Naturterapeutisk behandling er ein integrerende klinisk praksis skreddarsydd for kvar enkelt pasient. Han er fokusert på sjølvansvar som t.d. endringar i kosthald og livsstil - og kan omfatta bruk av modalitetar som ernæring, biologisk medisin, urtemedisin, råd om livsstil, hydroterapi, homøopati, soneterapi og fysiske modalitetar som akupunktur og treningsterapi.

Bruken av invasive behandlingar, inkludert intravenøs terapi og mesoterapi, avheng av utdanningsstandardar og juridiske reguleringar.

Dei naturterapeutiske prinsippa *Fyrst, ikkje gjer skade (primum non nocere)*, *Behandle årsaka (tolle causam)*, *Behandle heile menneske (tolle totum)*, *Lege/terapeut som lærar (docere)*, *Sjukdomsførebyggjing* og *Helsefremjande tiltak* og den naturterapeutiske teorien om *Terapeutisk rekkefylgje*, er det som styrer den naturterapeutiske behandlinga.

## 12. Førebyggjing

### Definisjon:

Førebyggjing inkluderer å redusera dei medverkande faktorane til symptom, tilstandar og sjukdommar og utviklinga deira, og dessutan støtte den naturlege lækjande evna til kroppen. Naturterapeutisk klinisk praksis understrekar viktigheita av å fokusera på alle faktorane som påverkar helsa og læra pasientar om korleis dei skal leva eit liv som støttar konstitusjonen deira og unike sensitivitet gjennom alle livsfasar, og sikrar optimal velvære og sjukdomsførebyggjing.

Førebyggjing er eit naturterapeutisk prinsipp som er relatert til *Naturens lækjande kraft (vis medicatrix naturae)*, *Lege/terapeut som lærar (docere)* og *Helsefremjande tiltak* og den naturterapeutiske teorien om *Konstitusjon*.

## 13. Terapeutisk rekkefylgje

### Definisjon:

Den terapeutiske rekkefylgje er ein hierarkisk filosofi for terapeutisk intervensjon. Han rettleier naturterapeutisk praksis og bruksområde ved å respektera den naturlege heilingsprosessen og vitaliteten til eit

individ. Grunnlaget for den naturterapeutiske ordenen, er at kroppen har ein eigen naturleg kraft for å lækja seg sjølv med minst mogleg energi.

Terapeutisk rekkefylgje rettleiar den naturterapeutisk utøvinga. Han er òg assosiert med dei naturterapeutiske prinsippa i *Fyrst og fremst, ikkje skade (primum non nocere)*, *Naturens lækjande kraft (vis medicatrix naturae)*, *Behandle årsaka (tolle causam)* og *Behandle heile menneske (tolle totum)*.

## 14. Behandle årsaka

### Definisjon:

Behandle årsaka, er prosessen med å finna grunnårsaka eller årsakene til eit symptom, tilstand eller sjukdom og adressera det med passande naturterapeutisk behandling.

Naturterapeutisk praksis anerkjenner at helse og sjukdom både er logisk, kompleks og blir påverka av mange faktorar. Årsaka til dei fleste symptom, tilstandar eller sjukdommar kan sporast tilbake til livsstil, sosiale, miljømessige, eksterne, genetiske eller andre faktorar - så vel som vitalitetens tilstand.

Behandle årsaka (tolle causam) er eit sentralt prinsipp i naturterapeutisk prinsipp og er inkludert i naturterapeutisk vurdering, diagnose og behandling. Det er relatert til filosofien *Heilskap*, det naturterapeutiske prinsippet *Naturens lækjande kraft (vis medicatrix naturae)*, *Helsefremjande tiltak* og den naturterapeutiske teorien om *Integrasjon av det individuelle og Konstitusjon*.

## 15. Behandla heile menneske

### Definisjon:

Behandla heile menneske er eit omgrep som anerkjenner at dei strukturelle, funksjonelle, åndelege og psykologiske aspekta og vitaliteten til eit individ er ein del av ein uskiljeleg heilskap.

Enkelpersonar er òg forbundne og gjensidig avhengige av familie, samfunn og miljø. Dette konseptet er essensielt for personsentrert

naturterapeutisk praksis og er inkludert i naturterapeutisk vurdering, diagnose og behandling.

Behandla heile menneske (*tolle totum*) er eit naturterapeutisk prinsipp som relaterer seg til den naturterapeutiske filosofien *Heilskap*, prinsippet *Behandle årsaka (tolle causam)*, den naturterapeutiske teorien om *Integrering av det individuelle, Konstitusjon og Humoralteori*.

## 16. Vitalkrafta

### Definisjon:

Vitaliteten til eit individ er eit mål på den livskrafta ein har på eit kva som helst spesifikt stadium av livet eller ved sjukdom. Vitalkrafta beskriv individets ibuande og medfødde evne til å leva, veksa, utvikla seg og lækjast.

Vitalkrafta heng saman med den naturterapeutiske filosofien *Vitalkrafta* og er knytt til dei naturterapeutiske prinsippa *Naturens heilande kraft (vis medicatrix naturae)* og *Helsefremjande tiltak* og teorien om *Konstitusjon*.

## 17. Helse og velvære

### Definisjon:

Helse og velvære er samanhengande konsept om individet sin helsetilstand. Helse speglar meir av det objektive aspektet; medan velvære speglar individet si subjektive oppfatning av tilstanden til helse. Det er dei strukturelle, funksjonelle, åndelege og psykologiske aspekta og vitaliteten til individets helse som skaper kva kjensle individet har av eige helse og velvære.

Helse og velvære er eit av dei naturterapeutiske prinsippa og er integrert i alle andre naturterapeutiske prinsipp.

## Referansar

1. WNF White Paper: Naturopathic Philosophies, Principles and Theories, September 2017. WNF Web site.  
[http://worldnaturopathicfederation.org/wpcontent/uploads/2015/12/White-Paper\\_FINAL.pdf](http://worldnaturopathicfederation.org/wpcontent/uploads/2015/12/White-Paper_FINAL.pdf)

## Vedlegg

### WNFs medlemmer av Naturopathic Roots Committee:

Hausser, Tina, Heilpraktiker, Naturopath, Co-Chair

- Organización Colegial Naturopática FENACO, full member Spain

Lloyd, Iva Dr, ND, Co-Chair

- Canadian Association of Naturopathic Doctors CAND, full member Canada

Arankalle, Dhananjay Dr, ND

- Indian Naturopathy and Yoga Graduates Medical Association INYGMA, full member India

Banchieri, Flavia, Naturopath

- Asociación Naturopática del Uruguay ANTHU, full member Uruguay

Brown, Melissa Dr, Naturopath

- South African Naturopathic Association SANA, full member South Africa

DeGroot, Nick Dr, ND

- Canadian College of Naturopathic Medicine CCNM, educational member Canada

Finnell, John Dr, ND

- American Association AANP, full member United States of America

Kieffer, Daniel, Naturopath

- Collège Européen de Naturopathie Traditionnelle Holistique CENATHO, educational member France

Myers, Stephen Dr, ND, BMed PhD

- Australian Naturopathic Federation ANF, full member Australia

Volunteer: naturopathic student Menon, Poorna

- Bastyr University, educational member United States of America

## **Bidragstatarar frá WNF-medlemmer:**

- Association of Accredited Naturopathic Medical Colleges AANMC, nonprofit sponsor North America
- Bastyr University, School of Naturopathic Medicine, educational member United States of America
- David Lescheid ND, PhD Germany
- Endeavour College, educational member Australia
- General Council and Register of Naturopaths GCRN, full member United Kingdom
- Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon NNH, associated member Norway
- Quebec Association of Naturopathic Medicine QANM, associated member Canada
- Southern School of Natural Therapies SSNT, educational member Australia
- Union des Naturopathes de Belgique UNB, full member Belgium
- University Anhembi Morumbi, educational member Brazil
- Wellpark College of Natural Therapies, educational member New Zealand